

Innspel til nynorskrettskrivinga frå Margit Ims, Bø i Telemark¹.

Eg grunngjev først innspela mine til utkastet frå normeringsnemnda. Dei konkrete innspela til kva eg meiner skal inn/ut kjem under.

Gjer det lett å vera nynorskbrukar og vern utsette nynorskområde

Eigentleg ønskjer eg ikkje bare å tale ut frå eit austlandsperspektiv, det overordna meiner eg er at nynorsken skal vera ei landsnorm med breitt talemålsgrunnlag og ei vidareføring av den nynorske skrifttradisjonen som mangfaldig. Når eg så sterkt poengterer det austlandske (her og i tidlegare innspel: ”Ikkje kle nynorsken i korsett”, fråsegn frå Telemark mållag og ”Avgjerande grunnar for nynorsk bør vera rettleiande for rettskrivinga”, foruminnlegg 5.januar 2011), er det først og fremst for å forsvare mangfaldet som har vori noko av det samlande med nynorsken og som har vori gjeldande så lenge det har eksistert ei offisiell nynorsk skriftnorm. Det spesielle forsvaret for austnorske former er da ei følgje av at normeringsnemnda har utelatt dei frå det nynorske mangfaldet i utkastet sitt. Det er også eksterne målpolitiske grunnar til å forsvare Austlandet spesielt gitt målstoda i Noreg i dag. Skal jamstillinga gjelde, er det avgjerande at nynorsken ikkje lukkar seg inne og blir eit vestlandsk regionalmål. Det kan skje med uklok innstramming som ein ikkje veit følgjene av. Ut frå stoda som ho er i dag, er difor Austlandet eit viktig målpolitisk område for nynorsken som heilskap for å sikre nynorsk som jamstilt skriftspråk. Da treng ein alle grunnar for nynorsk, og for mange er det nettopp einskildformer som er avgjerande. Med mandat om at norma skal gjera det lettare å vera nynorskbrukar, må ein òg ta omsyn til kva som gjer det lett å bli og bli verande nynorskbrukar. Det lette i denne samanhengen er dei tungtvegande grunnane.

Nynorsken er under sterkt press på Austlandet. Det er ingen løyndom og er noko nemnda bør ta særskilt omsyn til før dei tar ut frå offisiell rettskriving former med breitt talemålsgrunnlag i austnorsk med feste i skrifttradisjonen. Nynorsknorma vil ikkje aleine bøte på den negative utviklinga for nynorsken på Austlandet, men ho vil gjera det vanskelegare å forsvare posisjonen nynorsken har her i dag. Talemålet endrar seg, og fleire nynorskkrinsar vel bort nynorsk eller blir negativt prega av fråflytting og tilflytting. I og med at eg bur i Bø i Telemark, vil eg nytte stoda her som illustrerande døme. På årsmøtet i Bø mållag 15.februar

¹ Innspelet har ikkje vori gjennom andre instansar. På grunn av tidmangel har ikkje innspelet vori drøfta i styret i Bø mållag slik eg helst ville gjort.

2011 avslutta vi med ordskifte om skulemåls situasjonen. Rektorane frå barneskulane og ungdomskulen møtte og delte av røynslene sine. På Bø barneskule er det 360 elevar, bare 20% har nynorsk som hovudmål, på ungdomsskulen er situasjonen den same (207 elevar: 29% med nynorsk som hovudmål, 19 % meldt opp til nynorsk hovudmåls eksamen i 10. klasse.) Gyrid Kvale, rektor ved Bø barneskule, peikar på to årsaker til kvifor elevar/foreldre vel bokmål. Den eine årsaka er knytt til talemålet, elevane har foreldre med bokmålsnær dialekt og vel skriftspråk ut frå det, den andre årsaka Kvale peikar på, er det ho kallar "vestlandsdominans" i nynorske bøker. Avstanden frå vestlandsk nynorsk blir brukt som argument for å velja bokmål. Situasjonen her i Bø er ikkje oppløftande, og Bø er ikkje noko særtilfelle på Austlandet. Liknande argumentasjon blir nytta i skulemålsdebattar fleire stader. Ut frå denne rapporten, frå elevar og lærarar, meiner eg det er viktig at nynorsk rettskriving ikkje fjernar seg frå austnorske drag. Det er viktig at nynorsken kan vera ei støtte for talemålet, og det er viktig å verne om dei gode argumenta ein har for å velja nynorsk. Her vil eg påpeike at det er snakk om *argument for nynorsk*: opplevinga Kvale viser til hos foreldre og elevar om at nynorsken er "vestlandskdominert" er reell og eit trugs mål for nynorsken jamvel om denne oppfatninga objektivt sett kanskje ikkje stemmer. Oppfatninga av skriftbiletet, om kva som er kjent og ukjent, og eige talemål treng ikkje stemme overeins. Igjen, normering aleine endrar ikkje språkvalsmekanismar og slike haldningar i seg sjølv, for kva som er "austlandsk" nok er ikkje godt å vita i denne samanhengen. Men det er særst viktig at ein kan imøtegå denne argumentasjonen når vi skal forsvare nynorskens plass på Austlandet. Det har vori avgjerande, og ein vil trenge dette forsvaret kvart år ved skuleinnskriving og ikkje minst når større kampar kjem.

Nei til snøreliv

Eg meiner òg det er grunn til å verne variasjon der brukargrupper talar for det. Når fleire omtalar visse språklege uttrykk som viktige for dei, er det grunn til å vera varsam. Det syner at formene er i bruk, og når eit fullgodt statistisk grunnlag å vurdere ut frå vantar, lyt ein vera varsame. Det er tungvindt for alle som må lære seg å skrive på nytt (Her vil nemnda kanskje innvende at alle skal få skrive som før, men eg meiner at det er viktig at norma har legitimitet og støtte hos brukarane. Eg trur òg dei fleste opplever det som tungvindt å skrive utanfor norma og måtte forklare seg for kvifor ein skriv slik og slik. For mange er det sært nok å skrive nynorsk.) Det er unaudsynt å leggja opp til ei slik framandgjerding og mogleg frustrasjon hos dei som nyttar nynorsk i dag. Ein treng ikkje gjera nynorsken sær og skapa

fleire nynorsksæringar som skriv utanfor normert skriftspråk, det kan forsterke inntrykket av kaos som mange har i dag.

Kan hende vil stoda endre seg, og vi kan sjå tilbake på framlegga frå normeringsnemnda om tretti år og seia etterpåkløkt: ”Det var framsynt!”, og vi kan kanskje da stille stramme inn meir. Men i og med at nynorsk er eit ”på-sida”-språk og normeringshistoria syner hyppige endringar, er det statistiske grunnlaget for lite å byggje på for nedskjeringa som nemnda legg opp til. Ikkje snør lufta ut av språkglede og nynorsktilhøyrse. Framtida er uviss, og kan hende får nemnda ikkje rett på grunn av at dei har tatt avgjerdsler på tynt statistisk grunnlag. Begge delar kan skje, men før heller eit føre-var-prinsipp der grunnlaget/dokumentasjonen er utrygg.

Unngå ad hoc-løysingar

For dei som allereie lærer bort nynorsk i dag, vil ikkje alle innstrammingar naudsynleg verke forenklande. Det er tungt å setja seg inn i for mange og for store endringar. Difor meiner eg læreboknormalen og hovudformsystemet bør liggja til grunn, og at det er viktig å leggja vekt på kva som har vori hovudnorm, jamvel om det kan hende er lite i bruk. Med utgangspunkt i hovudformsystemet bør ein òg tillate variasjon (slik nemnda gjer), men eg saknar ein diskusjon hos nemnda om vektinga av dei ulike premissa frå mandatet. I argumentasjonen i normeringsframlegget er ulik argumentasjon nytta for vern/fjerning av ulike former, slik at det tar form av ad hoc-argumentasjon. Etter mi meining, er resultatet ikkje alltid ei reell innstramming og ikkje ei forenkling. Ein kan ikkje køyre slalom i normeringsarbeidet og velja ulik argumentasjon frå punkt til punkt. Resultatet er fleire gonger unntak og variasjon i enkelte ord framfor å gjennomføre eit system for større ordgrupper med same indre språkutvikling. Her passar det dårleg å vekte frekvens tyngst. Jamstilte former bør som hovudregel følgje eit felles system. Resultatet vil da bli ei vidare norm, ikkje alle får den innstramminga dei ønskjer, men det vil vera ei enklare norm.

Dei konkrete innspela til rettskrivinga eg har argumentert for følgjer under. Det eg meiner er dei viktigaste omsyna ein bør ha med, kan i hovudsak samlast under fire punkt: 1) Norma må byggje på eit breitt normeringsgrunnlag, 2) norma bør ta særskild omsyn til austlandske drag i rettskrivinga (jamfør argumentasjonen over), 3) godta systemvariasjon i større kategoriar og 4) la omsyn til system vege tyngre enn frekvens. Der eg synst det er naudsynt, legg eg til meir konkret forklaring til synspunkta mine, medan dei fleste framlegga har utgangspunkt i grunngevinga over. Eg går ikkje gjennom alle punkta, men set fram dei som veg tyngst først. Der eg er samd med nemnda, har eg ikkje kommentert noko.

1. Kløyvd infinitiv: eg er mot nemndas framlegg om å ta kløyvd infinitiv ut av rettskrivinga. I prosessen, og særleg på høyringa, kom det fram massiv motstand mot dette framlegget. Systemet har breitt talemålsgrunnlag og er mykje brukt (hos dei viktigaste nynorskforfattarane), trass i at det ikkje er hovudform, og bør jamstillast. Det er eit viktig identifikasjonsmerke for nynorskbrukarar på Austlandet og Trøndelag, og kløyvd infinitiv vil halde fram med å vera nettopp det sjølv om det blir jamstilt form (altså trur eg ikkje ein treng å frykte forvirring i lærebøker og klasserom pga kløyvd infinitiv). At norma skal ha legitimitet og spegle det nynorske skriftbiletet er viktig. Det er òg viktig å unngå misnøye hos brukarar som har dette som eit særskild identifikasjonsmerke. Eg vil dessutan gjera merksam på at formuleringa nemnda har i normeringsinnstillinga ”ein kan skal kunna bruka a-infinitiv og e-infinitiv” eigentleg ikkje utelukkar veksling. Om ein ikkje vil nytte kløyvd infinitiv som nemning, er det råd å formulere det annleis: ”ein skal kunna bruka a-infinitiv og e-infinitiv, og veksling er tillatt etter jamvektsregelen” til dømes, men det gjer det kanskje ikkje lettare? Eg synst det skal vera som det er, altså, men eg ville gjera merksam på at om veksling ikkje er tillatt, må det vera eksplisitt i ordlyden (viss ikkje vil kløyvarane likevel finne ei smette).
2. Perfektum partisipp av sterke verb på –i: eg er mot nemndas framlegg om å ta forma ut av rettskrivinga. Det har vori ei jamstilt form, og eg vil understreke at dette er ei viktig identifikasjonsform for dei som har det i talemålet. Eg synst dokumentasjonen på bruken ser ut til å ha store hol, og eg stussar på at nemnda vel å ikkje leggja vekt på at forma er redaksjonsmål i Norsk ordbok. Eg synst det bør ha ei vesentleg tyngd. Eg synst heller ikkje nemnda kan konkludere så lett som dei gjer med at dei som har det i talemålet ”ikkje har nytta seg av tilbodet” og leggja det til grunn for ny normering. Det som har vori gjort av forskning på normering og normer som blir tatt i bruk, viser at dei fleste ikkje kjenner til valfridomen som er. Skriftbiletet dannar ei smalare norm hos språkbrukarar flest, og frekvens aleine kan difor ikkje avgjera om språkbrukarar ”har nytta seg av tilbodet”. Da må ein isåfall først vita kva ulike brukargrupper veit om tilbodet i utgangspunktet. Konklusjon: her lyt de nytte føre-var-prinsippet og la det som har vori hovudform få stå.
3. Korleis: la *hossen* vera jamstilt form. Frå norrønt og har breitt talemålsgrunnlag om ein reknar med *assen* som variant. *Åssen* er jamstilt form i bokmål, i nynorsk bør *hossen* framleis vera alternativ.

4. Eineformer *skule, berr* og *berre*. Eg er mot nemnda sitt framlegg. Argumentasjonen nemnda nyttar for å gjera ein vri med høgfrekvente ord bare for å markere at det ikkje er bokmål er uholdbar. Det gjer det ikkje enklare av di det ikkje er eit gjennomført normeringsprinsipp (nemnda følgjer ikkje dette prinsippet når dei tilrår fellesformer der det stemmer overeins med nordvestlandsk talemål). Å skulle markere einskildformer bare for å markere avstand til bokmål er fullstendig ulogisk (same argumentasjon kan ein nytte mot e-infinitiv). Negativ normering er ikkje normering av nynorsk på sjølvstendig grunnlag. Her viser eg òg til høyringsinnspillet frå Ola E. Bø.
5. Mykje: la *mye* framleis vera jamstilt form.
6. Retninsadverb: jamstill - an og -a som fuge i presposisjonar og adverb som i bortafrå og nedafør.

Frå punkt 7 og utover er rekkefølgja tilfeldig.

7. Hank/honk: Eg er mot nemndas framlegg. La *hank* og *honk* vera jamstilte former. Unntaket med *kopphank* gjer det ikkje strammare og enklare.
8. Mala/måla: Eg er mot nemndas framlegg. La mala/måla vera jamstilte former som forklara/forklåra og trava/tråva.
9. Ikorn/ekorn og lippe/leppe: Eg er mot nemndas framlegg. La *ikorn* og *lippe* vera jamstilt form med *ekorn* og *leppe*.
10. Smikk/smekk: eg er mot nemndas framlegg. La dei vera jamstilte former (og tilsvarande i dei avleidde formene).
11. Kvede/kvæde: eg er mot nemndas framlegg. La dei vera jamstilte former (både som verb og subst.)
12. Byrke/byrkje: eg er mot nemndas framlegg. La *birkje* og/eller *bjørkje* vera jamstilte former. Viss nemnda ikkje vil ha meir enn to: ta inn *birkje* eller *bjørkje* istadenfor *byrke*.
13. Skjul/skjol: eg er mot nemndas framlegg. La dei vera jamstilte som jul/jol.
14. Torste/tørst/tørste: eg er mot nemndas framlegg. La heller vokalvariasjon vera jamstilt enn ulik ending: torste og tørste. Torste er dessutan godt innarbeidd i bibelspråket.

15. Au/ø framfor m og øy/ø framfor m. Eg er mot nemndas framlegg. La drøm/draum vera jamstilte former, og tilsvarande drømme/drøyma og andre ord i same gruppe. (Med følgjeverknad for substantiv på –sle som *glømsle, gjømsle* m.fl.)
16. Øy/ø framfor r: Eg er mot nemndas framlegg og vil ha jamstilte former jamfør punktet ovanfor.
17. Trøytt/trøtt: Eg er mot nemndas framlegg og vil ha jamstilte former.
18. Bed/bedd: eg er mot nemndas framlegg. Er ikkje *bed* mest brukt?
19. Kuk/kukk: eg er mot nemndas framlegg. Her er det valfridom på bokmål, kvifor da ikkje på nynorsk? Jamstilte former her svarar til korleis de har handtert tilsvarande ord i same gruppe.
20. M/mm: Eg forstår ikkje grunngivinga til nemnda. ”Når det gjeld orda der *m* og *mm* har vore valfrie til no, er det etter nemnda sitt syn klokt å halda på valfridommen i dei orda som er frekvente. I mindre frekvente ord bør det halda med ei form.” Gjennomfør eitt system, det er lettare å lære. Gjennomfør anten ei form eller gjennomfør jamstilte former. Å blande ut frå frekvens er ikkje enkelt for nokon som skal lære!
21. J eller ikkje j: jamfør punktet ovanfor, synst eg nemnda bør gå inn for system som er lett å lære. Det er ikkje forenkling med *bylgja, bølgja* og *bølga*. Gå inn for å gjennomføre eit parallelt system som er gjennomført. Når nemnda forklarar slike unntak med at desse formene ”er det neppe behov for”, er det sikkert rett, men nettopp av den grunn vil dei ikkje vera former som vil skapa forvirring, og bør difor takast med i eit gjennomført parallellsystem (ikkje alle lærer nynorsk med eit norsk talemål å orientere seg ut frå og difor bør ein forenkla systematisk).
22. La i-målet vera jamstilt jamvel om det står svakt i bruk. Slik systemvariasjon er ikkje forvirrande, og ein treng neppe uroe seg for at lærebøker nyttar i-mål jamvel om skiljet mellom hovudformer og klammeformer blir borte. Vokalvariasjonen i seg sjølv er (ikkje? Eller kvifor står det ”men” bak?) verneverdig, og plassen i skrifttradisjonen talar òg for å halde på i-mål i offisiell norm.
23. Suffiket –vere ut av rettskrivinga. På skular i nynorskområde er det å føre fråvere heilt daglegdags. I Kviteseid, der eg jobbar, er det mest brukt, og det var det òg for ti år sia då eg var elev same stad. Nå fører ein fråvere i frontersystem på skular over

heile landet. Eg kan ikkje forstå anna enn at å ta det ut vil kunne komplisere, og eg mistenkjer at statistikken ikkje når inn i alle krokar.

24. Oppretthald skilje mellom subjekt – objekt: de og dykk. Her talar skriftradisjonen for seg, å innføre alternativ form der ei form har vori einerådande gjer det ikkje enklare, men det vil komplisere skriftbiletet, jamvel om det for mange er framandt med dette skiljet ut frå talemålet.